

Referat FAU Foldnes skule

Dato:	02.02.2026	Referent:	Hallvar
Sted:	Foldnes skule		
	Disse er innkalt:	Møtt	Forfall
1.	Hallvar(1A)	X	
2.	Casper(1B)	X	
3.	Kjersti(2A)	X	
4.	Marianne (2B)	X	
5.	Kristine (3A)	X	
6.	Tone Synnøve(3B)	X	
7.	Morten(4A)	X	
8.	Caroline(4B)	X	
9.	Nils(5A)	X	
10.	Marianne(5B)	X	
11.	Marie (6A)	X	
12.	Laurice (6B)	X	
13.	Tony(7A)		X
14.	Kari (7B)	X	

Sak		Ansvarlig	Frist
1	<p>Rektor informerer</p> <p>Rektor er tilbake i full stilling frå og med i dag.</p> <p>Når det gjeld SFO, kjem det ofte meldingar frå foreldre gjennom dagen. Det er viktig at meldingar kjem inn før klokka 12.00 for å sikre at dei blir lese. Dei tilsette må kunne prioritere å vere saman med barna framfor å lese meldingar gjennom heile SFO-tida.</p> <p>SU-møte vil bli avhelde i februar. Det har ikkje vore gjennomført medan rektor har vore sjukmeld.</p> <p>Det skal byggjast ein ny sjukeheim på tomta sør for parkeringsplassen. Rektor ber om at FAU bidreg med innspel. FAU ber om meir informasjon om kor langt prosjektet har kome i planlegginga for å kunne gje mest mogeleg relevante innspel. Rektor vil be representantar frå</p>		

	<p>prosjektet om å presentere prosjektet for FAU.</p> <p>Elles vert opplegg FAU har for elevane sett på som svært positivt men rektor minner om at aktivitetar i regi av FAU ikkje nødvendigvis treng å skje i undervisningstida.</p>		
2	<p>Kjøremønster ved levering</p> <p>Det blir observert at nokre foreldre leverer barn i vegen ved dissene. Skulen skal bli meir synleg i dette området for å vise bilistar til ønskja køyremønster.</p> <p>FAU ønskjer å foreslå at parkeringsplassen ved gravplassen i større grad blir brukt av dei som skal stå parkert over lengre tid, for å frigje kapasitet på parkeringsplassen på skulen ved levering av barn.</p>		
3	<p>Merking parkeringsplass</p> <p>Rektor tek vidare kontakt med trafikkansvarlege om behovet for gangfelt ved returpunktet og generell oppmerking av parkeringsplassen.</p>		
4	<p>Foreldremøtene i Februar</p> <p>Foreldremøta er ein god arena for å informere om arbeidet i FAU, i tillegg til å vise til referat. Vi bør oppmode fleire til å stille som FAU-representantar, slik at vi slepp situasjonar der foreldre føler seg «utskremte» til rolla utan særleg motivasjon.</p> <p>Det skal også informerast om elevkvelden, og vi treng innspel både til aktivitetar og til bemanning av vakter.</p>		
5	<p>Kino for småtrinnet</p> <p>Kino for småtrinnet vert arrangert 9. april, i skuletida på føremiddagen. Filmen som blir vist er <i>Super Mario</i>.</p>		
6	<p>Elevkveld for mellomtrinnet</p>		

	<p>Etter dialog med elevrådet er konklusjonen at elevane ønskjer elevkveld, og då ein i semesteret. Ein elevkveld med fleire typer aktivitetar var å føretrekka framfor ein rein disco-elevkveld. Slike aktivitetar kan til dømes vera spillrom, kanonballturnering, quiz osv. Det kan vere ein idé å ha disco som avslutning.</p> <p>Det er fastsett dato torsdag 23. april.</p>		
7	<p>Økonomi</p> <p>To trinn har søkt og fått innvilga midlar til utflukter m.m. Midlane blir utbetalt til klassekonto. Største kostnader førre år:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skuleløp, elevkveld, refleksaksjonen Julegåver til lærarane samt nokre midlar til SFO <p>Største inntekter førre år kom frå</p> <ul style="list-style-type: none"> • 17. mai arrangementet på skulen og loddsalet i forbindelse med dette. 		
8	<p>Fotograf neste år</p> <p>Det er inngått avtale med fotograf Linn Nesse. Fotograferinga vil skje i veke 37, og det er sett av fem dagar.</p>		
9	<p>17-mai</p> <p>Dette skal informerast om på foreldremøta:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Foreldre som har moglegheit til å bidra med premiar, vert oppmoda om å levere dette innan februar (t.d. spons frå firma). • Innsamling av pent brukte leikar og bøker til premiar. • Oddetalstrinn skal bake. • Partalstrinn har dugnadspostar. <ul style="list-style-type: none"> 2. trinn: kafé 4. trinn: aktivitetar 6. trinn: postar • Informasjon blir lagt ut på Facebook-gruppa: «17. mai på Foldnes skule 2026» 		

10	<p>Eventuelt</p> <ul style="list-style-type: none"> - Det har kome innspel frå foreldre om at FAU bør bli ein smartmobilmfri skule. Initiativet må komme frå foreldra sjølve; dette er ikkje noko FAU kan vedta. FAU vil likevel støtte opp dersom foreldregruppa inngår ei slik avtale seg imellom. Det vart vist til www.smarttelefonfribarndom.no og eit webinar frå ein skule på Austlandet. - FAU har fått spørsmål om kva budsjett Foldnes skule har per elev i mat og helse, og korleis dette er samanlikna med andre skular. FAU-leiar tar spørsmålet vidare. - Det vart òg gitt ros til skulen for å ha delteke i prosjektet «<i>Gutar blant bokhyller</i>». Tiltaket ser ut til å ha skapt større engasjement rundt lesing, særleg blant elevar som tidlegare ikkje har vist særleg interesse for dette. 		
----	---	--	--

Neste møte	02.03.26
------------	----------